

# Kyrkjelydsblad

for Arna prestegjeld

Nr. 8

Arna Oktober 1971

4. årgang

## Me talar om Gud

Ved opninga av prostimøtet for Osterøy på Vaksdal, 2. oktober, heldt sokneprest Skiftun andakt i tilknytning til Salme 95, 6-7: «Kom lat oss falla ned og bøya oss, lat oss bøya kne for Herren, vår skapar. For han er vår Gud, og me er det folk han føder, og den hjord som handa hans leider. A, ville de høyra hans røyst i dag.»

Me prentar her eit kort utdrag av talen:

— Framfor Gud har me berre ein ting å gjera, og det er «å bøya kne for Herren, vår skapar. For han er vår Gud, og me er det folk han føder.»

Nyleg las eg eit brev som dei lutherske biskopane i Vest Tyskland har sendt kyrkje lydane i bispedøma. Brevet har til overskrift: Me talar om Gud. Eit utdrag av brevet kjem i nummer 15 av «Stille Stunder». Bispebrevet rører ved noko mykje vanleg i den kristne forkynninga. Me talar om Gud som om me skulle disponera over han. Petter Dass kjende på det same då han skreiv salma «Herre Gud, ditt dyre namn og æra over verda høgt i akt skal vera».

Presten Olav Valen Sendstad tok i si tid for seg morgonandaktane i radio og registrerte at berre ein liten del av andaktane var ord frå Gud. Det andre var menneskeord. Biskop Per Lønning har nyleg sagt noko liknande: Potetprestane 17. og 18.

hundreåret har i vår tid gått over til å verta forureinsingeprestar med apell om å vera medmenneske.

Den uhyggelege trongen etter å vera aktuell kan ha farlege fylgjer, ikkje berre slik at me talar om Gud, men verre at me talar om oss sjølve. Kven er det som ikkje kjenner seg saka når slike sårbare ting vert nemnde. I salmeboka kjem det vonde samvetet fram gong på gong: «Gud, for deg jeg vil meg bøye, skrifte all min synd for deg. Dårleg lød jeg Jesu hud, fattig var mitt ord om Gud.»

Likevel kan me, dersom me går i oss sjølve, venda tilbake til evangeliet. Me har lov å forkynna Gud slik Israelfolket møtte han, og slik profetane og skriftene seier han er. Og me har lov til å forkynna Gud som Far til alt som heiter born i himmelen og på jorda, slik Jesus openberra Gud for oss. Men utanom dette kan me ikkje seia noko om Gud. Det er ikkje me som skal tala om Gud, men Gud som talar om oss, og han tilbyd oss gåver som me skuldar å takka han for. Vår tale om Gud kan i grunnen berre vera tilbeding og lovsong. «For han er vår Gud, og me er det folk han føder, og den hjord som handa hans leider. A, ville de høyra på hans røyst i dag.»



## GRANNESKIKK FRÅ GAMLE TIDER

Dei framande skal du ikkje plaga eller fara hardt med, for de var sjølve framande i Egyptarlandet. Enkjar og forlause skal de aldri vera harde mot. Låner du nokon av folket mitt, den fatige grannen din, pengar, so skal du ikkje fara som ein okrar med honom. Du skal ikkje krevja renta av honom. Fær du kjolen åt grannen din i vissa, so lat honom få honom att fyre soleglad for den er den einaste han hev til å sveipa kring seg. Det er det han skal klæda likamen sin med. Kva skal han elles liggja i? Når ein lokkar ei møy som ikkje er tru-

lova, og ligg hjå henne, då skal han gjeva henne festargåvor, og taka henne til kona. Domaren skal du ikkje hæda, og ein hovding av folket ditt skal du ikkje banna. Spreid ikkje vonde rykter.

Når du finn ein ukse eller eit asen som hev vildra seg burt, og som uvenen din eig, so skal du hava deim attende til honom. Når du ser at asnet åt uvenen din hev sige under klyvi, so må du 'kje tenkja på å gå ifrå honom, du lyt hjelpa honom å løysa klyvi.

Frå 2. Mosebok.

## Dei trugne tenarane

Karen Stenersen (1826--1906) skreiv i 1889 bok frå prestegardane ho var oppfostra i Trysil, Elverum og Al. Mykje verd- fullt er det ho skriv .Her litt om tenarane, Gjertrud og Torsteinsruen. Ho vil ikkje at dei skal gløymast.

Denne Gjertrud var då budeia vår, mi gamle kjære Gjertrud. Ho tente hjå oss, mest frå eg kom til. Eg minnest ikkje dagen då ho ikkje hørde huslyden til. Ho skal stiga fram for lesarane mine slik ho aller fagrast stend i minnet mitt — i sin sundags- og altargongsbunad. Sanneleg vakker var ho endå so gamal ho var og rørende i einfelddet sitt.

Liti og bøygd var ho av tidlegt og tungt arbeid. Andlitet var rundt med grå kloke augo djupt inne. Jovial såg ho stundom ut, andre gonger mykje ålvorsam og skarp kunne ho og vera. Alvoret fylgde henne jamnast og i ser når ho sundagsmorgonen kom ned klædd i den minst 40-årige merinonskjolen sin, ringa ut og med puffarmar. Moten var for henne ein ukjend ting, so

kjolen var høgt i æra som «svart-kjole». Heil var han og god nok for henne. Silketørklæ med farga border var hefta på Silkehua med skruv og kvitt flor-kringomband med stor sløyfa under haka. Kvite halv- vottar, med samanfalda lommeduk og so salmeboki i handi.

Når me baud henne mat og kaffi, svara ho alltid med sers tonefald: «Takk, eg gjeng til Guds bord idag». Det fylgde høgtid med henne, og mang ein gong ynskte eg i mitt stille sinn: «Gud gjev eg kunne vera slik altargjest». Guds hugnad og milde kvilde yver henne.

Gjætar vart ho frå 8 årsalderen. Ho laut halda bjøllekyra i klaven for å vera trygg på å finna vegen heim. Og mang ein namn- laus skrekk fyllte bringa hennar når kvister knekttest — det kunne vera bjørn og ulv. Hulder og rekna ho med. «Du vil full inte nekta det som eg har sett med mine egne øyner». Ormehi trakka ho og burti med sine nakne føter. Dei kvæste og reiste seg opp so ho laut berga seg med bjøllekyra då

og. Ho var like skremd og for i sprang med buskapen etter og fænn ein freda stad dei kunne slå seg ned. Gjertrud gråtande på ein stein, men gløymde likevel ikkje å takka Gud for frelse frå ormane. Ho var hjå «Olions-Ole» i tenesta. Streng, mest umen- neskjelege var dei. Heile dagen livde ho på litt turt brød, stundom då nokre osterkorp- er attåt. Kald graut og velling vart det til kvelds endå so våt og stivfrosen ho var. So var det å leggja seg då bak peisen på strå og med nokre filler yver seg. Langt frå nøggjande til å få varmen att i kroppen. Ho fraus og gret seg i svevn med fadrevåret som si einaste trøyst. Likevel vart ho ver- ande hjå desse folki til konfirmasjonen. Når ho klaga seg heime, fekk ho berre høy- ra at ho skulle tia og vera tru i hand og munn og vera der ho var. Dei var fatige dei med og kunne ikkje ta henne heim. Etter 8 år i tenesta der fekk ho eit gamalt svart skjørt, og ditto trøya og ei utsliti salmebok. Presten merkte seg denne fatige, trugne jenta som lærde barnelærdomen like godt som ho gjorde alt anna arbeid. Boki hadde ho med på skogen, der spann ho og renning og veft på handtein til husbondsfolket sitt. So vart det sidan til at ho vart budeia på prestegardne. Dyri hadde i heile barndomen hennar vore den største hugnad og trøyst. Det var dei beste venene hennar. Ho tala til dei som menneske, spurde dei og svara og dei helsa henne på ymse vis når ho syntte seg i fjosdøri. Og so fortalde ho og sette om dyretalen til oss borni. Ho bed etter mat, ho takkar for det ho fekk, ho er furten for eg ikkje tala med henne fyrst, ho vil ha salt. — Og so lo ho og gjorde fjosgonga til ei oppliving for oss borni. Ein sumar låg ho på stølen med buskapen sin. Det var i Al. Midt i juli månad kom det snø fleire fot tjukk, tett snø. Og vart liggjande 3-4 dagar. Ho skufila snøen vekk og fann mose og fjell- rabb, kokte låg på. Tok kyrne etter tur inn

i bui, vermdede dei. So gret ho og trøysta dei. Endå om natti tok ho dei soleis inn til seg. Hende det at ho vart sjuk nytta ho same medisinen ho gav kyrne sine, og heile 2 mil drog ho til fjells for å leita opp att katten som ho hadde mist. Ho ville ha katten med seg ilag med buskapen sin om sumaren. Men katten kom burt for henne, og so fekk ho høyra om ein framand katt som for att på ein annan støl langt unna. Det gjekk ikkje an lata katten frysa ihel. Ho laut leita han opp og berga han. So tok ho småjenta med seg og la i veg yver myr og heid, sokk nedi til knes og laut ha småjenta på ryg- gen. Men kom seg fram og fann? Ein fram- and villkatt som var so vill at ingen kunne fanga han.

Ein vinter fekk dei kalvekasting i buska- pen sin. Alle veit kva det er for vanlagnad og tap for dei som vert råka. Og Gjertrud fekk sut og vaking for dyri sine. Men so hørde ho eit gamalt ord om at fekk ein berre ein kastekalv til å liva, so slapp ein for alltid fri den sykja. Og endeleg kom det ein kalv med litt liv i. Ho tulla han inn i ull og høy, la han i ei korg opp i si eigi seng for varmen si skuld. Gav han råmjølk med teskei og sanneleg han livde opp og vart den kjæraste og stautaste av alle kyr- ne. Kry og glad var ho alltid når ho fekk fortelja saga om «Molla».

Mangt var å fortelja om Gjertrud. Ho brumla og skjende og, på dyri, ungane og på husbondsfolket med, men aldri var det vond meining i det. Ho «mor» og han «far» akta ho høgt og Gjertrud livde brere 2 mnd. etter si «mor». Ho som fortelja saga stelte då mor si og ein dag kom Gjertrud med al- targongstørkle sitt og sa: «Du må inte for- små detta, du har det så vondt nå om da- gen, da a mor er så sjuk — je vil så gjerne gjøre dig ei glæe», og so gret ho mest som hjarta hennar ville bresta. Ikkje lenge etter låg Gjertrud og på likstrå. Strålande, siger-



sæl smil låg yver andlitet hennar. Ein kunne sjå at Herrens ord hadde lydt til henne: «Du gode og trugne tenar. Du var tru i det som var lite — eg vil setja deg yver mykje. Kom inn og gled deg i lag med husbonden din».

### Tre sider ved livet vårt

Den kristne hushaldar-tanken seier at alt vi rår over eigenleg høyrer Gud til. Vi har fått det ærerike pålegget å nytte det vi ha fått i teneste for Gud.

Når ein greier ut om denne tanken med høgtidsame ord, samtykkjer vi straks. Men lat oss ikkje vera for snare til å gå med på den. Lat oss fyrst ta oss tid til å tenkje gjennom kva det fører med seg å vere ein Guds husholdar, heilt praktisk.

Vi har eit framifrå hjelpemedel til å prøve oss sjølv med. I staden for å freiste å få eit oversyn over «alt vi råda over» kan vi dra ut tre særskilde sider ved livet vårt og sjå på korleis vi hushaldar med dei:

— *Tidi vår* — er den noko vi meiner vi må stå til rekneskap for Gud med?

— *Evnene våre* — set vi dei til disposisjon?

— *Eigedomen vår* — er det noko som er «vårt», eller meiner vi at den i røynda høyrer Gud til?

Nytter vi desse tre praktiske omkverva i livet vårt som prøvestykkje, får vi ein nyttig leksjon i kristent hushaldarskap!

#### I min forretning

finn De gåver til bryllup, konfirmasjon og barnedåp

*Kleveland*  
URMAKER

5260 Indre Arna — Tlf. 40 496

## Eit dikt

av Johan Ludvig Runeberg

Omsett til nynorsk av Erik Skjerve.

*Jenta ervde frå si mor eit minne,  
fekk eit spenne, vent og ovleg verdfullt.  
Prydt det var med glimestein og perler.  
So ein friar kom ein dag til jenta.  
Rik og mektig steig han fram for henne.  
Men han fridde mest til hennar spenne.  
Blyg og fattig var ein annan belar.  
Han til hjarta hennar ærleg fridde.  
No til jenta tala hennar stykmor:  
«Tak den rike, skjot den andre frå deg.  
Vel no gull og glans mot armod's dagar.»  
Jenta gret, men bad seg fâfengt undan.  
So den dagen lysing skulde tingast,  
då var jenta plent som sokki.  
Ikkje inne, heller ei i hagen,  
men på strandi utmed havet var ho.  
Dit kom friar, fylgd av hennar stykmor.  
Blidt dei tala då til arme vækja:  
«Fylg oss heim til gjestebod og gaman,  
for idag skal giftarmålet lysast.»  
Då reiv jenta spennet ut or beltet,  
tok det i si kvite han og mælte:  
«Sjå, den lite har, er nøgd med lite.  
Ein som mykje har, vil meire krevja.  
Havet har i tusen år kravt skattar.  
Endå er det ikkje mett av fengdi.  
Enn det krev mitt dyre gylne smykke.»  
Slik fall ordi. So ho handfast grytte  
arveluten frå seg ut i havet.  
Beisk i hugen strauk den rike friar  
bort frå strandi. Harmfullt ropte mori:  
«Usæl jenta, ille har du fare.  
Ingi høgferd har du meir å venta.  
Spennet kjem nok aldri meir for dagen.»  
Men den edle møyi lo og sagde:  
«Kva er høgferd mot mi framtids lukka,  
kva er gull mot nøgsamt liv i kjærleik,  
kva er spennet verd mot mannsens hjarta?»*

## Mannfolki våre

Soleis stod det i kyrkjelydsbladet nr. 6. Eg leste det med interessa, det er sjeldan å finna slike overskrifter.

Innhaldet var talande. Dei var som ein båt utan nygla. Ja ein slik båt er ikkje siglefør eller om me skriv, han er ikkje berande for den som set i han. Der er ein alvorleg svikt når ein skal ro livshavet med slik «farkost».

Det var mannfolki som hadde det på det viset, noko god atest var ikkje dette og er den sann so er det meir enn ille. At me går for lite inn for det gode og berande for vårt folk, er der vel ikkje i tvil om.

Mange av oss har hatt nygla i båten frå me sette den på sjøen i vår ungdom. Og eg kjenner mange mannfolk som ror med faste åretak i våre kyrkjelydar. Her er mykje arbeid og mange mannfolk er opptekne i dette rike arbeid.

I mange år har dei stått truge med og ofra både tid og midlar so dei knapt nok greier stort meir.

Eg tok til å telja etter alle misjonslag her i «Annekset» Ytre Arna der mannfolk var med anten i styret eller på anna vis og kom fram til talet 15. Alle desse skal haldast oppe og alle har sine møter på bedehuset. Eg må seia at det er eit mykje stort arbeid som er utført i Guds rike på denne måten. Det er eit sjælevinnararbeid som ofte ikkje vert vurdert høgt nok. Der er ein stor fåre for dei som steller med det meir kyrkjelege å ikkje setja kursen med sin båt i desse farvatna og dermed møter dei ikkje desse trugne slitarane. Det er kanskje for strid straum so dei er redde for å sigla i koll. Nei eg tilgjev dei langt på veg, dei har mykje å taka seg av.

Eg sat eingong i prestestova, møte eg skulde hava låg ein og ein halv time å gå kvar veg, når eg skulde taka i veg sa eg,

«Presten må vel vera heime, du har ikkje tid heller», sa eg. Tar eg tid so har eg tid svara han og so for me avstad bae.

Han hørde mannfolki til. Og dertil hadde han nygla i båten.

Lukka til roturen og sjå etter at nygla er på plass.

*Jeg er en seiler på livets hav  
på tidens skiftende bølge  
der herre Jesus mig kursen gav  
og denne kurs vil jeg følge.*

Olav Hannisdal.

## Kyrkjelege handlingar

### DØYPTE, INDRE ARNA SOKN:

- 24.7. Hilde, foreldre: Tor Andersen og Anna f. Saue. Døyppt i Birkeland kyrkja.
- 11.9. Nils-Inge, for.: Arvid Liland og Elise f. Kvalheim. (Døyppt i Fana kyrkja).
- 12.9. Richard, for.: Sigmund Syska og Anne Berit f. Lending.
- 12.9. Kjetil, for.: Torleiv Herman Kornen og Leikny f. Heggertveit.
- 12.9. Tor, for.: Åge Arnt Ludvigsen og Eli Johannes f. Marteng.
- 25.7. Magne Kvamme, for.: Hermod Sylta og Randi Olea f. Kvamme. (Døyppt i Manger).
- 18.9. Ørjan, for.: Olav Hauge og Randi f. Håkonsen.
- 19.9. Kurt, for.: Øystein Hauge og Laila f. Hisdal.
- 19.9. Asle, for.: Vidar Lohne og Marion Magnhild f. Kalhovd.
- 19.9. for.: Jannicke, for.: Per Helmer Haaland og Bjørg Margaret f. Sørensen.
- 26.9. John, for.: Magne Johan Solvang og Kristbjørg f. Pettersne.
- 26.9. Bjørn for.: Håvard Reiten og Gjertrud f. Lunde.



- 26.9. Kristian, for.: Bjarne Langeland og Nordis f. Østvik.  
 3.10. Anne Gro, for.: Karstein Kalsås og Aud f. Rolland.  
 9.10. Mette, for.: Harry Nonås og Gunn Sonja f. Blomdal.  
 9.10. Arne, for.: Jarl Håkon Sørtun og Ellen-Karin f. Reknes.  
 9.10. Ole Jørgen Halland, for.: Rolf Drags-holt og Aud Karin f. Halland.  
 10.10. Atle, for.: Leiv Kalsaas og Petra Kristine f. Maurseth.  
 10.10. Frode, for.: Kjell Ove Borge og Mary Kirsten f. Nesheim.  
 10.10. Janne, for.: John Assing Walden og Elin Karin f. Gjertsen.  
 17.10. Christine, for.: Kjell Arne Baggen og Britt f. Magnussen.  
 17.10. Terje, for.: Thor Storerud og Arnlaug f. Sæverud.

**VIGDE:**

- 17.9. Per Magne Skår og Aud Grete Nes (I Maria kyrkja, Bergen).  
 18.9. Magne Endresen og Ingrid Olaug Ballestad.  
 18.9. Olaus Vatne Rydland og Torill Alise Reinholdsén. (Hjá sorenskrivaren i Nordh.l.)  
 25.9. Steinar Jakobsen og Randi Holme-fjord. (I Domkyrkja).  
 25.9. Kåre Kristen Sandtorv og Wenche Skarpnes. Hjå sorenskrivaren i Nh.l.  
 9.10. Sigurd Vågen Sivertsen og Bjørg Solend.  
 23.10. Oddvar Eide og Asta Foss.

**AVLIDNE:**

- 1.8. korgmakar h.v., enkjemann Andreas K. Hundhammar f. 1890.  
 26.9. stasjonsmeisters kone Thorbjørg Skiftesvik f. 1898.  
 8.10. gift, fabrikkarb. h.v. Einar Tunge-land f. 1899.

- 8.10. Kalkverksarb. enkja Johanna Beck-strøm f. 1887.

**DØYPTE, YTRE ARNA SOKN:**

- 11.7. Annbjørg, for.: Olav Kolltveit og Berta f. Augestad.  
 18.7. Jostein Wilhelm, for.: Walter Friedrich Dammingen og Sollaug Elisabeth f. Mikkelsen.  
 18.7. Britt, for.: Jakob Knut Lie og Magnhild f. Langeland.  
 1.8. Roger, for.: Olav Stokke og Irene Beate f. Mjølkeråen.  
 1.8. Monika, for.: Asbjørn Hartveit og Liv f. Mjøs.  
 7.8. Kenneth, for.: Karsten Lie og Signe f. Skulstad.  
 8.8. Gro, for.: Harald Vik og Vigdis f. Pedersen.  
 8.8. Kjersti, for.: Normann Hunshamar og Hanne Irene f. Storøy.  
 14.8. Merethe, for.: Kjell Sagstad og Ragnhild f. Matland.  
 14.8. Stig, for.: Bjørn Steinar Wåge og Ashild f. Brunborg.  
 21.8. Astrid, for.: Rune Frantzen og Anne f. Tafjord.  
 22.8. Petter Magne, for.: Lars Andreas Langnes og Marie f. Hillesland.  
 28.8. Rune, for.: Arne Eriksen og Bente f. Sjursen.  
 28.9. Annette, for.: Arild Olsen og Evelyn f. Fonn.  
 11.9. Heidi, for.: Alfred Gjerde og Karin f. Brunborg.  
 26.9. Jan Ove, for.: Nils Johannes Titlestad og Bodil f. Haugland.

**VIGDE:**

- 26.6. Kjell Johan Mørken og Unni Mæhle.  
 31.6. Egil Albrigtsen og Elin Martinsen.  
 31.6. Kåre Jon Herøy og Bjørg Skår.

- 7.8. Atle Faugstad og Sissel Haugland.  
 13.8. Kåre Norvald Mæhle og Gunn Oddva Olsen.  
 14.8. Jan Bjarne Sverresvold og Turid Svanaug Sveva.  
 28.7. Olav Andreassen og Borghild Hartveit. (Kbn.havn.)  
 10.7. Gunnar Rolland og Gunn Mathilde Helland.  
 24.7. Odd Tømmersland og Marit Helen Sæløen. (Kolvareid).  
 25.8. Knut Harald Stigum og Berit Marie Ekanger. (Bergen).  
 4.9. Helge Michel Birkeland og Turid Dag Lillehjem. (Bergen).  
 9.10. Frode Henning Johannessen og Åse Ekanger.

**AVLIDNE:**

- 23.7. gardbrukars enkja Susanna Gaugås f. 1888.  
 31.7. tidl. tekstilarb. Leonhard Faugstad f. 1904.  
 13.8. snikkar Arne Johannes Eikerol f. 1923.  
 15.8. verkstadarb. Thomas Reigstad f. 1895  
 5.10. tidl. gardbrukar Andreas Haugland f. 1884.

**Ektefolk er nøgde med kvarandre**

— Ei oppsiktsvekkande gransking syner at 98 prosent av gifte menn ville gifte seg med same jenta om dei igjen stod framfor valet, fortel Nynorsk Pressekontor. Heile 83 prosent legg til at dei ikkje finn nokon feil hjå kvinna dei er gift med

Kvinnene er ikkje like nøgde med tilhøva, men også dei har stort sett funne den rette ektemannen. 92 prosent ville gifte seg med

mannen sin på ny sjølv om det berre er 64 prosent av dei som meiner at han er den ideelle ektemannen.

Resultata av granskinga, som er gjort av eit institutt i Vest-Tyskland, syner at konene oftast er misnøgde avdi mannen røykjer, eller drikk for mykje neglisjerar familien eller alt for sjeldan tek seg eit bad!

Mennene klagar mest over at kvinnene gjer dei sjalu, er vondskapsfulle og nasevise!



**Vår mann i Arna  
Kåre Fyllingen**

har forsikring som yrke. Han kan alt i forsikring, og står til tjeneste med råd og veiledning

**Storebrand og Idun**

Adresse: Stølv. 100 B  
5260 INDRE ARNA

**Skal det vera**

markiser eller persienner, så ring og spør meg. Eg sel Norsk Amico heilårsmarkiser og prydpersienner, stålrøyr, skyvestigar og tørkestativ

Eg sel og stålrøyrskyvestigar med flate røyrtrinn og kletørkestativ frå Ferro Stålindustri

**MAGNUS BORGE**

5233 Haukeland Telefon 40021



ALT I  
GRAV-  
MONUMENTER

**Espeland Gartneri**

Espeland Gartneri og Begravelsesbyrå  
Telefon 40809 — Espeland

**SPAREBANKEN —**

**Banken for innskytarane**

er skipa for å stå til teneste for Dykk, og vi ville gjerne at De kom innom banken slik at vi kunne fortelje Dykk korleis De kan nytte denne tenesta. **Velkomen i banken**

**HAUS SPAREBANK**

Alt i bøker, papir, gramofonplater og leiker får De hos

**F. BEYER**

**Bok og papirhandel  
Indre Arna**

**J. BERSTAD**

**Filial Indre Arna**

Jernvarer. Verktøy. Beslag.

Sport og camping.

Glass og steintøy.

*Vakre blomar frå*

**Trygve Garnes gartneri**

Telefon 40401, Garnes  
og utsal Indre Arna Tlf. 40415

**STØRRE BARNETRYGD**

Barnetrygda vert no utbetalt kvar månad  
La pengane gå direkte inn på konto i  
ARNA PRIVATBANK. Avtal med banken  
kva kontotype som passar best.  
Pengane står alltid til disposisjon.  
Rente opp til 5 pst. p.a.

**ARNA PRIVATBANK**

**Preikelista**

Glad vart eg då dei sa til meg: «Me vil ganga til Herrens hus».

**Helgemessedag, 7. november:**

Arna: Soknepresten. Ytre Arna: Res. kap. Nattverd.

**23. s. e. tr. 14. novbr.:**

Arna: Res kap. Ytre Arna: Soknepresten.  
Om kvelden kl. 19.30: Ungdomsgudst. i Arna.

**24. s. e. tr. 21. november:**

Arna: Soknepresten. Ytre Arna: Res. kap.

**1. s. i adv. 28. november:**

Trengereid: Soknepresten.

**2. s. i adv. 5. desember:**

Arna: Soknepresten. Ytre Arna: Res. kap. Nattverd.

Kl. 17.00: julekonsert i Arna kyrkja.

**3. s. i adv. 12. desember:**

Ljosmesse i Arna kl. 19.30.

**Samling i Arna kyrkja onsdag 27. okt. kl. 19 og 20.**

Akademilektor Ole Øystese talar då til kyrkje-lyden om: Nådegåva og åndsutrusting.

Bladstyrar er Sokneprest E. Tesdal, Indre Arna.

Forretningsfører: Olav Hartveit, Garnes.

Bladpengar kr. 5,— for året. Postgiro: 310444.

— Prenta i Skaars Boktrykkeri, Norheimsund —